

- KUNNGJERING -

O. A. Devolds Sønner AS – Søknad om løyve til nedlegging av dam Sætrevatn i Sula kommune

NVE har motteke søknad frå O. A. Devolds Sønner AS om løyve til nedlegging av dam Sætrevatn i Sula kommune. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 og 7 i vassressurslova, og gjeld løyve etter §§ 8 og 41 i same lov.

Alternativet til nedlegging er at ein ny eigar overtek ansvaret for dam Sætrevatn. Viss nokon ønsker å ta over vassdragsanlegget, ber vi om at NVE kontaktast så snart som mogleg, seinast innan 3.10.2017. ein ev. ny eigar vil måtte oppgradere dammen slik at han tilfredsstiller damsikkerheitsforskrifta sine krav til dammar i konsekvensklasse 3.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Servicekontoret i Sula kommune og på NVE sine internettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Tafjord kraftproduksjon AS v/Ragnhild Hoel på tlf.: 482 86 099 eller e-post: rho@tafjord.no. Høyringsuttalar kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **3.10.2017**.